



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FA-H43
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/829	<b>Løpenr:</b> 19/8856
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	14.11.2019	047/2019
Kommunestyret	05.12.2019	071/2019

## Vedtak av avtale om vertskommunesamarbeid om Kriesesenter for Bergen og omegn

### 05.12.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

### KS- 071/2019 Vedtak:

Samnanger kommune ønskjer å halda fram samarbeidet om kriesesenterdrift og vedtek *Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Kriesesenter for Bergen og omegn.*

### 14.11.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FORM- 047/2019 Vedtak:

Samanger kommune ønskjer å halda fram samarbeidet om kriesesenterdrift og vedtek *Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Kriesesenter for Bergen og omegn.*

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samanger kommune ønskjer å halda fram samarbeidet om kriesesenterdrift og vedtek *Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Kriesesenter for Bergen og omegn.*

### Dokument som er vedlagt:

Brev frå Bergen kommune

Saksframstilling til byrådet i Bergen

Avtale om vertskommunesamarbeid

### Dokument som ikkje er vedlagt:

- Lov om kommunale krisesentertilbud (krisesenterlova) - <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-44>

### **Kva saka gjeld:**

Foreininga «Krisesenteret for Bergen og omegn» har hatt kontrakt om drift av krisesentertilbud for Bergen kommune og omegnskommunar, mellom anna Samnanger. Byrådet i Bergen vedtok 18.09.2018 at drifta av krisesentertilbudet skulle takast inn som kommunal eigenregi frå 01.01.2019. Som følgje av dette overtok Bergen kommune drifta med verknad frå 01.01.2019. I samband med dette har Bergen kommune erfart at det er behov for å inngå ein ny samarbeidsavtale for det administrative samarbeidet mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommunane.

Bergen kommune har utarbeidd ny samarbeidsavtale, som er vedteken av bystyret. Bergen kommune bad i brev datert 27.06.2019 om at samarbeidsavtalen også vert vedteken av kommunestyra i samarbeidskommunane, og at vedteken/signert avtale vert returnert til Bergen kommune innan 30.08.2019. Ifølgje brevet kan kommunestyret alternativt gje administrasjonen fullmakt til å inngå avtalen.

Administrasjonen i Samnanger kommune har av ulike årsaker ikkje klart å få lagt denne saka fram politisk handsaming før no. Administrasjonen har 07.11.2019 vore i kontakt med Bergen kommune sin sakshandsamar, og fått avklart at det enno ikkje er for seint for Samnanger å få vedteke/signert samarbeidsavtalen.

Som vedlegg til dette saksframlegget følgjer kopi av saksframstilling til byråds sak om samarbeidsavtale for vertskommunesamarbeid. Der vert det mellom anna informert om sentrale endringar i den nye samarbeidsavtalen:

- *Oppholdstiden skal begrenses, være strengt behovsprøvd, og det skal være betalingsplikt for deltakerkommunene for opphold ut over 6 uker. Hver kommune forplikter seg til å bistå med å reetablere brukerne i egen/annen kommune.*
- *Deltakerkommunene skal selv gi tilbud til personer som er til fare for seg selv eller andre.*
- *Det legges opp til hyppigere samarbeidsmøter enn tidligere. Det skal være minimum 3 møter i året – ett på overordnet nivå og minimum ytterligere to samarbeidsmøter.*
- *Oppsigelsestiden utvides til 4 år, og med plikt for alle samarbeidskommuner til å delta på tilhørende snarlig møte for å drøfte konsekvensene ved oppsigelse fra én eller flere kommuner.*
- *Deltakerkommunene forplikter seg til å delta i arbeidet med å utarbeide rutiner for samarbeid med Krisesenteret, koordinering, mv.*
- *Deltakerkommunene forplikter seg til å oppnevne kontaktpersoner for juridisk forvaltning av avtalen samt for respektive fagområder hvor det ytes tjenester fra Krisesenteret.*
- *Presisering av at deltakerkommunene selv skal sørge for tilrettelagt undervisning, skoleskyss, helsetjenester etter helse- og omsorgstjenesteloven, mv.*
- *Bergen kommune / Krisesenteret for Bergen og omegn skal utarbeide forslag til administrative og operative rutiner for samarbeidet og legge de frem til drøfting i samarbeidsmøter med deltakerkommunene.*

Det går også fram av saksframstillinga at kostnadsdelinga mellom samarbeidskommunane vert vidareført etter tidlegare avtale, og at førebelse vurderingar tilseier meirkostnader for Krisesenteret på ca. 800 000 kroner, der ca. 500 000 kroner er eingongskostnader.

Samarbeidsavtalen følgjer også som vedlegg til dette saksframlegget. Det går der mellom anna fram (i punkt 6) at den enkelte deltarkommune sin del av utgiftene skal tilsvare den respektive kommunen sin del av summen av rammetilskotet til deltakarkommunane. I tillegg kjem betalingsplikt for kvart

opphaldsdøger ut over 6 veker.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek samarbeidsavtalen. Det går fram av krisesenterlova at kommunen skal sørgja for eit krisesentertilbod. For Samnanger vil truleg det klart beste alternativet vera å halda fram som samarbeidskommune med Bergen og omegnskommunane, i vertskommunesamarbeidet om Krisesenter for Bergen omegn.